

## Samandrag frå styremøte i Helse Sunnmøre 26. januar 2010

Styret i Helse Sunnmøre bestemte seg for å greie ut fleire modellar for Volda sjukehus. I høyringsdokumentet skal fire sjukehusmodellar presenterast som blant anna skal utgreiast i forhold til eit tydeleg pasientperspektiv, planlagt behandling, i tillegg til at ein ser på framtidig planlegging i høve økonomiske og personellmessige ressursar. Foreslått modellar skal vidare ut på høyring i distriktet før endeleg avgjersle. Modellbeskrivelsane tatt frå artiklar i Møre og Sunnmørsposten 27-28. januar.

### **Modell 1**

Vil gi ein utbygging og styrking av dagens modell, har fødeavdeling, døgnerberedskap innan indremedisin, ortopedi og blautdelskirurgi.

### **Modell 2**

Har fødeavdeling, døgnerberedskap innan indremedisin og ortopedi fram til klokka 22 og med blautdelskirurgi på dagtid.

### **Modell 3**

Har døgnerberedskap innan indremedisin, fødeavdeling og ein femdøgnspost for ortopedi, med blautdelskirurgi på dagtid.

### **Modell 4**

Fødeavdeling med døgnerberedskap innan blautdelskirurgi, indremedisin og med ortopedivakt heile veka fram til klokka 22.

Fagmiljøet ved Volda sjukehus støttar denne modellen (modell 4) då blautdelskirurgien utgjer størsteparten av det akuttkirurgiske behovet. I tillegg kan blautdelskirurgane i større grad enn ortopedar avhjelpe med diagnostisering av andre pasientgrupper.

Neste styremøtet er 23. februar.